

November 2024

RAPPORTERING FRÅ VERKSEMDA

Helse Førde HF

STYRESAK: 090/2024



INNHALD

| | |
|---|-----------|
| 1. Administrerende direktør si vurdering | 3 |
| 2. Aktivitet | 5 |
| 2.1 Somatikk | 5 |
| 2.2 Psykisk helsevern | 6 |
| 3. Fag og kvalitet | 7 |
| 3.1 Ventetid | 7 |
| 3.2 Fristbrot | 8 |
| 3.3 Andel ikkje møtt | 8 |
| 3.4 Epikrise | 8 |
| 3.5 Korridorpatientar | 9 |
| 3.6 Utskrivingsklare pasientar | 9 |
| 3.7 Stryking av planlagde operasjonar | 9 |
| 4. Medarbeidarar | 10 |
| 4.1 Brutto månadsverk | 10 |
| 4.2 Tal medarbeidarar | 10 |
| 4.3 Sjukefråvær | 11 |
| 5. Økonomi | 12 |
| 5.1 Resultat | 12 |
| 5.2 Likviditet | 14 |

1. ADMINISTRERANDE DIREKTØR SI VURDERING


Resultatet for november er positivt 3,9 millionar kroner. Både oktober og november har vore gode månadar i forhold til økonomi, med positive resultat. Administrerende direktør er godt nøgd med desse månadane, særskild når ein tek i betraktning at det i same periode har vore gjennomført innflytting i Livabygget med nye driftsmodellar innan fleire områder, og det høge sjukefråværet.

Resultatet dei siste månadane er prega av ekstraintekter som ikkje føl vidare inn i 2025. Dette gjeld inntekter knytt til endring ved Tronvik og finans, i tillegg til at tildelte midlar gjennom revidert nasjonalbudsjett i 2024 er fordelt kun over fem månader. Samla utgjør eingongseffektar mellom 8 og 9 millionar kroner kvar måned. Samstundes som desse eingongshendingane pregar resultatet, ser administrerende direktør også tydeleg effekten av dei større tiltaka som er gjort gjennom året.

Helse Førde har flytta inn og teke i bruk Livabygget gjennom hausten, noko som også medfører innføring av nye driftsmodellar og arbeidsprosessar innan fleire områder. Sengepostar, poliklinikk, forsyning, sterilsentral og operasjon jobbar alle med å finne seg til rette og etablere ei effektiv og god drift for både pasientar og tilsette. Gode, framtidsretta planar er lagt for drifta i dette bygget av alle involverte einingar gjennom organisasjons-utviklingsprosjekta. Administrerende direktør har mottatt meldingar om enkelte utfordringar, men dette vert tett følgt opp, og ein jobbar kontinuerleg med å støtte einingane i implementeringa av dei nye driftsmodellane. Ein ser at det vil kunne ta noko tid å få på plass ei drift som er i tråd med dei planane som er lagt, men administrerende direktør er imponert og godt fornøgd med innsatsen til alle involverte. Å endre arbeidsprosessar, arbeidsflyt og få ny logistikk til å sette seg er krevjande. Administrerende direktør erkjenner og at nokre av utfordringane ein ser etter innflytting i Liva, ikkje var mogeleg å forut sjå før ein faktisk drifta er starta opp. Igjen vil ein framheve viljen og endringskapasiteten som tilsette har synt for at kvaliteten i pasientbehandlinga skal vere best mogeleg.

Aktiviteten i november var noko lågare enn plan, både innan somatikk og psykisk helsevern. Samstundes har Helse Førde no eit vedvarande høgt sjukefråvær, og sett i lys av dette er administrerende direktør fornøgd med at aktiviteten i så stor grad er oppretthalde.

November 2024



Øverste tal er tal for siste månad, prosentvis samanlikna med same periode i fjor. Talet under er akkumulert tal hittil i år, prosentvis samanlikna med hittil i fjor. Tala endrer seg noko i etterkant grunna etterregistrering og korrigering. * Ø-hjelp er Ø-hjelpstilvisingar pluss dei som blei avslutta innan 2 dagar. * Anna er stort sett tilvising til kontroll, opplæring, attestar o.l. * Totaltø er inkludert dei som er i ventelistekø. Teller unike pasienter per avdeling og fagområde. Nokre forenklingar er gjort og nokre små pasientstrømmer er ikkje framsynt.

I høve tilgjengeligheitsindikatorane har gjennomsnittleg ventetid for behandla stabilisert seg på 38 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge, noko som er like over langtidsmålet på 35 dagar. Administrerande direktør synest dette er svært positivt og kjem på bakgrunn av styrka bemanningssituasjon. Innan psykisk helsevern for vaksne og rusomsorgen er ventetidene for behandla stabilt under langtidsmålet.

Det er ein betydeleg auke i ventetid for behandla innan somatikken (77 til 84 dagar). Samstundes er det ein nedgang i ventetid for ventande (frå 71 til 67 dagar). Administrerande direktør vil påpeike at dette kjem i hovudsak som resultat av at det er starta mange behandlingsforløp med pasientar som har hatt lang ventetid – dette er positivt og tyder på at tiltak knytt til ventetidsløftet har effekt. Det er samstundes nokre fagområder som har kapasitetsutfordringar som også spelar inn på auke i ventetid for behandla, spesielt kvinnesjukdomar. Det er innan dette fagområdet iverksett tiltak for å avbøte situasjonen.

Det er reduksjon i tal nye fristbrot i november (299, svarande til 11,1 prosent med dei i frist i perioden), men tala er framleis for høge. Det er pågåande avbøtande tiltak innan dei fleste fagområder som har høgast tal fristbrot.

Samla sjukefråvær i Helse Førde per oktober syner eit fråvær på 8,1 prosent, ein svak reduksjon frå september månad. Det er framleis eit høgt nivå på langtidsfråværet. Ein reduksjon i korttidsfråværet i oktober månad. Administrerande direktør ser at det er framleis langtidsfråværet som er utfordringa. Vi ser på foreløpige tal frå november at fråværet fortsett å stige, og at det også skjer i like stor grad i dei andre føretaka i Helse Vest. Stilling som Rådgjevar for oppfølging av sjukefråværet (prosjektstilling, 2 år) er utlyst og i tilsettingsprosess. Det er ikkje noko som tyder på at utviklinga i Helse Førde er annleis enn i dei andre føretaka sett opp mot tala i november. Sesongsjukdom kan vere med på å løfte talet enda høgare dei neste månadene.

2. AKTIVITET

2.1 Somatikk

| | Denne måned | | | Hittil i år | | |
|--|-------------|-----------|------------|-------------|-----------|------------|
| | Faktisk | Avvik bud | Avvik fjor | Faktisk | Avvik bud | Avvik fjor |
| Aktivitet: | | | | | | |
| — Tal døgnopphald (AOH) | 1 295 | -86 | -63 | 14 764 | -61 | 187 |
| — Tal dagopphald (AOH) | 552 | 20 | -67 | 5 449 | 100 | 78 |
| — Tal polikliniske konsultasjonar | 12 743 | 93 | -342 | 132 184 | 628 | 2 008 |
| DRG: | | | | | | |
| — Sum DRG-poeng | 2 368 | -78 | -161 | 27 390 | 230 | 459 |
| . herav DRG-poeng døgn | 1 468 | -136 | -114 | 16 467 | -634 | -104 |
| . herav DRG-poeng dag | 214 | 26 | -10 | 1 974 | 125 | 57 |
| . herav DRG-poeng poliklinikk | 621 | 59 | -31 | 6 556 | 805 | 184 |
| . herav DRG-poeng STG øvrige | 5 | 5 | -2 | 97 | 97 | 15 |
| . herav DRG-poeng TFG øvrige og H-resept | 60 | -33 | -5 | 2 297 | -162 | 307 |
| Indeks: | | | | | | |
| — DRG-indeks døgn (AOH) | | | | 1,115 | -0,038 | -0,021 |
| — DRG-indeks dag (AOH) | | | | 0,362 | 0,017 | 0,005 |
| — DRG-indeks poliklinikk | | | | 0,050 | 0,006 | 0,001 |
| Støtteindikatorer: | | | | | | |
| — Tal telefon- og videokons. m/eiegenandel | 1 296 | | 44 | 13 671 | | 2 684 |
| — Tal dagkirurgi (AOH) | 455 | | -21 | 4 040 | | -8 |
| — Netto liggedagar døgnopphald i perioden | 4 458 | | -364 | 49 614 | | -2 076 |
| — Gjennomsnitt liggetid døgnopphald (SOH) | | | | 3,7 | | -0,2 |
| — Gjennomsnitt liggetid døgnopphald (AOH) | | | | 3,4 | | -0,2 |
| DRG fordelt per bustadsområde (ei STG/TFG): | | | | | | |
| — DRG-poeng pas. busatt i Helse Førde | 2 140 | | -145 | 23 008 | | 238 |
| — DRG-poeng pas. busatt utanfor Helse Førde | 82 | | -21 | 1 131 | | -138 |


Perioden

Aktiviteten i perioden er lågare enn plan, samla eit negativt avvik på 78 DRG-poeng. Det er lågare tal døgnopphald enn budsjettert, medan det i perioden har vore fleire tal dagopphald og polikliniske konsultasjonar enn budsjettert.

Aktiviteten denne perioden var lågare enn plan for medisinsk klinikk, medan kirurgisk klinikk hadde høgare tal DRG-poeng enn budsjettert. Her er det særskild ortopedisk avdeling som har hatt ein høgare aktivitet.

Hittil i år

Samla hittil i år har aktiviteten gitt 230 DRG-poeng meir enn budsjettert. Det er positive avvik knytt til dag og polikliniske konsultasjonar, medan det er færre tal døgnopphald enn budsjettert. Utvikling i DRG-indeksen indikerer også noko lågare DRG-produksjon pr døgnopphald enn budsjettert og mot fjoråret, medan det er noko høgare DRG-indeks enn budsjettert og samanlikna med fjoråret knytt til dag og poliklinikk.



2.2 Psykisk helsevern


| | Denne måned | | | Hittil i år | | |
|--|-------------|-----------|------------|-------------|-----------|------------|
| | Faktisk | Avvik bud | Avvik fjor | Faktisk | Avvik bud | Avvik fjor |
| Aktivitet: | | | | | | |
| — Tal døgnopphald (AOH) | 101 | -13 | 17 | 1 027 | -254 | -99 |
| — Tal dagopphald (AOH) | 2 | 2 | 0 | 54 | 54 | 8 |
| — Tal polikliniske konsultasjonar | 4 284 | -73 | 0 | 40 709 | -1 016 | -107 |
| DRG: | | | | | | |
| — Sum DRG-poeng | 1 004 | -119 | -31 | 9 946 | -778 | 57 |
| . herav DRG-poeng poliklinikk | 871 | -252 | -14 | 8 379 | -2 345 | -92 |
| . herav DRG-poeng STG PHV | 133 | 133 | -18 | 1 567 | 1 567 | 149 |
| Indeks: | | | | | | |
| — DRG-indeks poliklinikk | | | | 0,206 | -0,051 | -0,002 |
| Støtteindikatorer: | | | | | | |
| — Netto liggedagar døgnopphald i perioden | 1 852 | | -129 | 18 174 | | -3 199 |
| — Tal telefon- og videokons. m/eiegenandel | 742 | | -59 | 6 816 | | -113 |
| — Tal ambulante konsultasjonar | 190 | | -44 | 2 418 | | 51 |
| DRG fordelt per bustadsområde (ei STG/TFG): | | | | | | |
| — DRG-poeng pas. busatt i Helse Førde | 800 | | -33 | 7 962 | | -59 |
| — DRG-poeng pas. busatt utanfor Helse Førde | 38 | | -14 | 381 | | -69 |

Perioden

Aktiviteten i november er lågare enn plan. Det er i sum 119 førre DRG-poeng enn plan. Tal døgnopphald er lågare enn budsjettert, men som tidlegare påpeika heng dette naturleg saman med stenging av døgnpost Tronvik. Det har i perioden vore ein noko lågare poliklinisk aktivitet enn plan etter god aktivitet i førre månad.

Hittil i år

Hittil i år er det samla lågare aktivitet enn budsjettert målt i DRG-poeng, men det er høgare aktivitet enn tilsvarande periode i fjor.




3. FAG OG KVALITET

3.1 Ventetid

Ventetid for ventande pasientar ved perodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 67 dagar ved utgangen av november (71 i oktober). 73 i november i fjor. Altså - 6 frå i fjor.
- PHV-V: 30 dagar ved utgangen av november (29 i oktober). 23 i november i fjor. Altså + 7 frå i fjor.
- PBU: 27 dagar ved utgangen av november (27 i oktober). 30 i november i fjor. Altså - 3 frå i fjor.
- TSB (rus): 12 dagar ved utgangen av november (0 i oktober). 9 i november i fjor. Altså + 3 frå i fjor. (NB! Veldig få pasientar.)




Ventetid - Helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i november var:

- Somatikk: 75 hittil i år (84 dagar i november) – måltal er 50. 81 hittil i fjor. Altså - 6 frå i fjor.
- PHV-V: 33 hittil i år (27 dagar i november) – måltal er 40. 31 hittil i fjor. Altså + 2 frå i fjor.
- PBU: 54 hittil i år (38 dagar i november) – måltal er 35. 54 hittil i fjor. Altså - 0 frå i fjor.


- TSB (rus): 19 hittil i år (21 dagar i november) – måltal er 30. 22 hittil i fjor. Altså - 3 frå i fjor.



3.2 Fristbrot


Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 296 fristbrot på behandla pasientar i november svarande til 13,1 prosent av behandla i november (10,3 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,2 prosent.
- Førebels registrert 299 nye fristbot i november, svarande til 11,1 prosent av alle med frist i november (13,7 prosent i oktober).



3.3 Andel ikkje møtt

3,1 prosent i november (3,1 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,4 prosent.



3.4 Epikrise

Epikrisetider (oktober-tal)

Innan 1 dag (mål 70 prosent)

- Somatikk 83 prosent denne månad og hittil i år 80 prosent (78 prosent i heile 2023).


- Psykisk helsevern 41 prosent denne måned og hittil i år 53 prosent (49 prosent i heile 2023).
- TSB/Rus 89 prosent denne måned og hittil i år 66 prosent (67 prosent i heile 2023).
Innan 7 dagar (mål 100 prosent):
- Somatikk 94 prosent denne måned og hittil i år 92 prosent (92 prosent i heile 2023).
- Psykisk helsevern 86 prosent denne måned og hittil i år 88 prosent (89 prosent i heile 2023).
- TSB/Rus 100 prosent denne måned og hittil i år 93 prosent (92 prosent i heile 2023).

3.5 Korridorpasientar

3 korridorpasientar, svarande til 0,0 prosent av innlagte (0,1 prosent førre måned).
Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,5 prosent.


3.6 Utskrivingsklare pasientar

26 døgn i november, svarande til 0,6 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2023).
Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,8 prosent.




3.7 Stryking av planlagde operasjonar

18 strøkne operasjonar i november, svarande til 3,6 prosent av alle operasjonar.
Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,9 prosent.



4. MEDARBEIDARAR


4.1 Brutto månadsverk



Brutto månadsverk i november syner ei auke på 16 brutto månadsverk frå oktober. Dette er fyrste gong Helse Førde overstig 2500 årsverk utanom sommarmånadane (juni/juli) når ein ser på dei siste fem åra. Samanlikna med november 2023 er det ei auke på 30 brutto månadsverk. Snitt brutto månadsverk hittil i år er på 2486 brutto månadsverk.



Brutto månadsverk uttrykkjer all arbeidstid som er utbetalt, omgjort til månadsverk/årsverk og inkluderer alle som har fått løn.

4.2 Tal medarbeidarar



Tal medarbeidarar har ein auke frå oktober til november med 23 tilsette, samla er det 3149 tilsette i Helse Førde ved utgangen av perioden. Samanlikna med tilsvarande periode i fjor er det tre færre, medan det på fem år har auka med 124 tilsette.

4.3 Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i Helse Førde per oktober syner eit fråvær på 8,1 prosent, ein svak reduksjon frå september månad. Det er framleis eit høgt nivå på langtidsfråværet. Ein reduksjon i korttidsfråværet i oktober månad.

5. ØKONOMI

5.1 Resultat

| Artskonto | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil | Årsbudsjett |
|---|----------|----------|---------|-----------------|-----------------|--------------|-------------|
| ☒ ISF inntekter | 56 964 | 58 021 | -1 057 | 624 553 | 614 905 | 9 649 | 671 550 |
| ☒ Gjestepasient inntekter | 2 185 | 2 428 | -244 | 31 163 | 31 955 | -792 | 34 675 |
| ☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter | 18 662 | 15 317 | 3 345 | 167 333 | 161 290 | 6 044 | 176 642 |
| ☐ Pasientrelatert inntekt | 77 811 | 75 767 | 2 045 | 823 050 | 808 150 | 14 900 | 882 867 |
| ☒ Basistilskudd | 260 150 | 257 293 | 2 857 | 2 490 283 | 2 482 257 | 8 026 | 2 749 451 |
| ☒ Andre inntekter | 8 185 | 6 017 | 2 168 | 84 120 | 62 397 | 21 724 | 68 216 |
| ☐ Sum Driftsinntekter | 346 146 | 339 077 | 7 070 | 3 397 453 | 3 352 804 | 44 649 | 3 700 534 |
| ☒ Varekostnader og Helsetjenester | -59 665 | -47 834 | -11 831 | -519 455 | -460 376 | -59 079 | -514 233 |
| ☒ Lønn til fast ansatte og vikarer | -149 555 | -152 024 | 2 469 | -1 465 619 | -1 459 266 | -6 353 | -1 611 358 |
| ☒ Variable tillegg og overtid | -14 788 | -9 897 | -4 891 | -169 510 | -116 588 | -52 922 | -133 763 |
| ☒ Feriepenger og sosiale kostnader | -62 474 | -62 212 | -263 | -723 408 | -714 311 | -9 098 | -775 039 |
| ☒ Lønnsrefusjoner | 10 469 | 6 076 | 4 393 | 106 502 | 64 118 | 42 384 | 73 269 |
| ☒ Innleie av personell | -1 876 | -847 | -1 029 | -35 164 | -12 823 | -22 341 | -13 787 |
| ☒ Diverse personalkostnad | -2 027 | -1 535 | -492 | -18 980 | -13 824 | -5 156 | -15 268 |
| ☒ Reisekostnader | -2 556 | -2 468 | -88 | -22 408 | -17 783 | -4 625 | -19 853 |
| ☐ Lønn- og personalkostnader | -222 807 | -222 906 | 99 | -2 328 587 | -2 270 477 | -58 110 | -2 495 800 |
| ☒ Øvrige kostnader | -44 158 | -51 652 | 7 493 | -482 916 | -497 993 | 15 077 | -549 861 |
| ☒ Av- og Nedskrivning | -14 227 | -14 538 | 312 | -105 276 | -108 463 | 3 187 | -123 000 |
| ☐ Sum Driftskostnad | -340 856 | -336 929 | -3 927 | -3 436 234 | -3 337 310 | -98 924 | -3 682 894 |
| ☐ Driftsresultat | 5 290 | 2 147 | 3 143 | -38 781 | 15 494 | -54 275 | 17 640 |
| ☒ Sum Finans | -1 423 | -2 314 | 891 | -12 525 | -17 328 | 4 803 | -19 640 |
| ☐ Totalresultat | 3 867 | -167 | 4 034 | -51 305 | -1 833 | -49 472 | -2 000 |

Perioden

Resultatet i november positivt med 3,9 millionar kroner. Dette er eit positivt avvik mot budsjett på 4,0 millionar kroner. Resultatet er også i november måned prega av ekstraintekter som ikkje vil gje tilsvarende bidrag i 2025. Samla er det estimert at eingongs-effektar utgjer omlag 9 millionar kroner i perioden.

Inntektene er i perioden 7,1 millionar kroner høgare enn budsjettert. Trass i noko lågare ISF-aktivitet, har det vore god aktivitet særskild knytt til laboratoria og radiologi. Inntektsføring av øyremerka midlar og andre inntekter knytt til endring Tronvik er også medverkande årsaker til positivt avvik i perioden.

Varekostnadar og helsetenester viser eit samla meirforbruk på 11,8 millionar kroner i november. Dette er knytt til medikament, H-resept og kjøp av helsetenester – der mesteparten gjeld internt gjestepasientoppgjjer og høgare kostnadar utover abonnementsordning ovanfor Helse Bergen enn budsjettert.

Personalkostnadane i november er i balanse, men meirforbruk knytt til overtid, innleige og vikarbruk som tidlegare periodar. Lønnsrefusjonar 4,9 millionar kroner høgare enn budsjettert grunna høgt sjukefråvær bidreg til å redusere avviket mot budsjett.

Øvrige kostnadar er 7,5 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette som følgje av lågare kostnadar knytt til pasienttransport enn budsjettert, samt andre budsjettavsetningar på budsjett-teknisk område.

Hittil i år

Helse Førde har per november redusert det akkumulerte negative avviket mot budsjett til 49,5 millionar kroner, det vil seie eit akkumulert resultat på minus 51,3 millionar kroner.


Det overordna biletet er at inntektene hittil i år er vesentleg høgare enn budsjettert, summert til 44,6 millionar kroner. God pasientaktivitet vesentleg del av dette med samla pasientrelaterte inntekter på 14,9 millionar kroner over budsjett. Øyremerka midlar og andre inntekter, her under inntektsføring av omstillingsmidlar gjeldande Tronvik, utgjør samla eit positivt avvik på 21,7 millionar kroner.

Varekostnadar og kjøp av helsetenester har akkumulert eit stort negativt avvik mot budsjett på 59,1 millionar kroner. Medikament størst del av dette med eit meirforbruk på 43,3 millionar kroner, der H-resept igjen utgjør 14,0 millionar av dette. Betre og nye behandlingsmetodar til ein høgare kostnad er hovudforklaringa bak denne utviklinga. Det er også eit meirforbruk knytt til kjøp av helsetenester, per november eit meirforbruk på 16,0 millionar kroner. Dette knyter seg til gjestepasientkostnadar for somatikk, samt meirforbruk på kjøp av helsetenester ovanfor Helse Bergen.

Lønskostnadane er samla 58,1 millionar kroner høgare enn budsjettert. Bruk av overtid, vikarbruk og innleige er høgare enn det budsjetttrammene gjev rom for. Sjukefråværet held fram på eit høgt nivå og lønsrefusjonane akkumulert per november er 42,4 millionar kroner høgare enn budsjett, og bidreg med det til å redusere det samla avviket innan lønsområdet. Det er særskild somatikken som har utfordringar med å halde seg til budsjetterte rammer.

Øvrige kostnadar hittil i år har eit mindreforbruk som følgje av budsjett-tekniske postar. Underliggande ser ein eit meirforbruk knytt til kostnadar til utstyr og lokale, men dette vert dekkja inn av eit mindreforbruk av pasienttransport og andre budsjett-tekniske postar.

5.2 Likviditet



Helse Førde hadde ved utgangen av november eit trekk på kassekreditten på -382 millionar kroner. Prognosen tilseier at likviditeten vil betre seg noko i desember.

Helse Førde HF
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
helse-forde.no